



Bibliotekplan for Askvoll kommune 2021 - 2024

VEDTEKEN I SAK 073/20 AV ASKVOLL KOMMUNESTYRE 19. NOVEMBER 2020

Innhold

1	INNLEIING.....	3
1.1	Bibliotekplan	3
1.2	Askvoll bibliotek	3
1.2.1	Historikk	3
1.2.2	Statistikk.....	3
2	LOVAR, REGLAR OG RETNINGSLINER SOM GJELD I SEKTOREN	4
2.1	Biblioteklova.....	4
2.2	Opplæringslova § 9 – 2 andre ledd.....	4
2.3	Lokale føringar.....	4
2.4	Nasjonale føringar	4
3	DRIFT	5
3.1	Opningstid.....	5
3.2	Tilsette	5
3.3	Biblioteksystem	5
3.4	Utlån	5
3.4.1	Digitalt utlån	5
3.4.2	Manuelt utlån	5
3.5	Samarbeid mellom HAFSG-biblioteka.....	6
3.6	Nasjonalt lånekort	6
3.7	Lokalt lånekort.....	6
4	SAMFUNNSOPPDRAG.....	6
4.1	Aktiv formidling	6
4.2	Møteplass for samtale og debatt – gratisprinsippet	6
4.3	Kvalitet og allsidigheit.....	7
4.4	Aktualitet	7
4.5	Tilbodet skal gjerast kjent.....	7
4.6	Ledd i eit nasjonalt biblioteksystem	7
5	SATSINGSOMRÅDE.....	7
5.1	Lesestimulering	8
5.2	Kunnskapsformidling	8
5.3	Møteplass.....	9
5.4	Fysisk lokale/lokalisering	10
5.5	Bemannig	10

1 INNLEIING

1.1 Bibliotekplan

Askvoll kommunestyre vedtok 8. november 2017 kommunal planstrategi for Askvoll kommune. I prioriteringslista som følgjer planstrategien er bibliotekplan nemnd og oppstart planarbeid sett til 2019.

Bibliotekplanen er å sjå på som *temaplan*. Planen gjeld det kommunale folkebiblioteket. Dokumentet skal leggest fram til politisk godkjenning i kommunestyret. Trong for revisjon av bibliotekplanen skal vurderast i kommunal planstrategi kvart 4. år. Folkebibliotektenesta ligg til oppvekstetaten. Det politiske utvalet for biblioteksaker er Komite for oppvekst og kultur (K-sak 48/99).

1.2 Askvoll bibliotek

1.2.1 Historikk

Askvoll folkebibliotek vart flytta frå Askvoll sentrum til Askvoll skule hausten 2000. Biblioteket sto då fram som eit særst innbydande bibliotek, lokalisert i den ombygde gymnastikksalen i skulen. I inngangspartiet til folkebiblioteket var det laga til internettkafe for ungdom, og vegg i vegg var det etablert ein datalab med 18 pc-ar.

Storsatsinga på bibliotek og IT i Askvoll kommune kom av at kommunen i 1998 vart peika ut til å vere pilotkommune i høve satsing på etablering av IKT-senter. Tanken var at 1 – 10 skule, idrettshall med symjebasseng og folkebibliotek skulle samle mykje folk, både på dag- ettermiddag- og kveldstid. Askvoll bibliotek skulle verte kommunen si storstove.

Askvoll folkebibliotek endra i samband med flyttinga til Askvoll skule namn til Askvoll bibliotek (U-sak 37/00). Dette skuldast at folkebiblioteket nå også vart skulebibliotek for elevane på Askvoll skule (kombinasjonsbibliotek).

Perioden 2002 – 2017:

- Holmedal bibliotekfilial avvikla 01.01.2002.
- Avtale med fylkeskommunen om bokbuss sagt opp med verknad frå 01.08.2003.
- Gjeldsvik bibliotekfilial avvikla 01.08.2008 (kombinasjonsbibliotek).
- Fylkeskommunen si bokbåtteneste avvikla våren 2015.
- Askvoll bibliotek sin personalressurs redusert frå 150 til 80 prosent frå 01.01.2014.
- Askvoll bibliotek sin personalressurs auka frå 80 til 100 prosent frå 18.10.2017.

1.2.2 Statistikk

Tal aktive lånarar er relativt stabilt. I 2019 hadde Askvoll bibliotek 338 aktive lånarar frå eigen kommune. Største lånegruppe var barn i alderen 6 – 12 år (135 lånarar) og vaksne over 40 år (71 lånarar). Vi hadde berre 15 lånarar i alderen 13 – 18 år.

Utlånet har gått jamt nedover, med unntak av utlån i 2018 og 2019. At vi har «snudd trenden», skuldast truleg etablering av *Bok i butikk* i Kvammen, at innbyggarane på øyane kan bruke Askvoll bibliotek onsdag og at vi nå aktivt formidlar bruk av *Biblioteksøk* og fjernlån til dei som kjem på besøk.

Vi har pr. i dag ikkje statistikk tilgjengeleg på bruk av biblioteket sine digitale tenester/ressursar.

2 LOVAR, REGLAR OG RETNINGSLINER SOM GJELD I SEKTOREN

2.1 Biblioteklova

Formålsparagrafen i folkebiblioteklova:

«Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent. Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem.

Paragraf 6 i folkebiblioteklova:

«Fylkeskommunen skal ivareta regionale bibliotekoppgaver og regional bibliotekutvikling, herunder gi råd til lokale myndigheter, yte bibliotekfaglig veiledning og assistanse, og arrangere møter og kurs om bibliotekspørsmål.»

2.2 Opplæringslova § 9 – 2 andre ledd

«Skolen skal ha tilgang til skolebibliotek med mindre tilgangen til skolebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek.»

Forskrift til opplæringslova:

Paragraf 21 - 1:

«Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Bibliotek skal være særskilt tilrettelagt for skolen.»

2.3 Lokale føringar

Kommuneplan for Askvoll 2011 – 2022 – Samfunnsdel har følgande visjon:

«Askvoll kommune – livskvalitet og vekst med rom for eventyr»

Innanfor feltet «Kultur og frivillig arbeid» vert det i kommuneplanen sagt: *«Gjennom felles kulturopplevingar og gjennom eit allsidig aktivitetstilbod skapar vi trivsel, nettverk, samhald, positivitet, engasjement og identitet til bygda og kommunen»*. Eit velfungerande bibliotekteneste i kommunen vert nemnd som ein av strategiane (s .28).

2.4 Nasjonale føringar

På landsbasis har besøk i norske folkebibliotek auka mykje dei siste åra. Heile 54 prosent av befolkninga har besøkt eit folkebibliotek i løpet av 2018. Mykje av oppgangen skuldast satsinga som har vore gjort når det gjeld å etablere folkebiblioteka som arena for debatt, formidling og kulturopplevingar (Nasjonal bibliotekstrategi 2015 – 2018).

Dagens nasjonale bibliotekstrategi, «Rom for demokrati og dannelse», legg opp til at vi må nå fram til fleire, og til dei som ikkje sjølve oppsøker biblioteklokala.

Satsingsområda i strategiperioden (2020 – 2023) er: *Formidling – samarbeid – infrastruktur.*

3 DRIFT

- Askvoll bibliotek består av ei eining.
- Elevane ved Askvoll skule har tilgang til Askvoll bibliotek i skuletida (kombinasjonsbibliotek).
- Elevane ved Holmedal montessoriskule, Atløy skule og Bulandet skule brukar biblioteklokalet som klasserom før og etter bading haust og vår. Dette gjeld også på dagar/tider når biblioteket er stengt for publikum.
- Barnehagane i kommunen får bruke Askvoll bibliotek før og etter opningstid etter nærare avtale.
- Det er plassert bokdepot i butikken i Bulandet.
- Det er plassert bokdepot i butikken i Kvammen.
- Det er plassert bokdepot tilpassa barn i alderen 0 – 10 år på Askvoll helsestasjon.
- Folkebibliotektenesta har ansvar for nynorsk boksamling i dagsturhytta (bokpleie, katalogisering, plassering og kassering).

3.1 Opningstid

Askvoll bibliotek har opne for publikum tre dagar per veke, men biblioteket (rom og samling) er tilgjengeleg for elevane på Askvoll skule heile skuletida.

Frå januar 2018 vart opningsdag endra frå måndag til onsdag. Dette vart gjort fordi småskulesteget i Askvollskulen (1. – 4. klasse) har skulefri onsdagar. Askvoll bibliotek opplever godt besøk denne vekedagen. Frå 2018 har Askvoll bibliotek hatt ettermiddag- og kveldsope både tysdag og torsdag.

3.2 Tilsette

Folkebibliotektenesta har fagutdanna biblioteksjef i 100 prosent stilling. Det vert nytta tilkallingsvikar for å unngå stenging ved fråvær.

3.3 Biblioteksystem

Folkebibliotektenesta nyttar elektronisk katalog og abonnerer på systemet Mikromarc.

3.4. Utlån

Lånarane kan leite fram katalogdata elektronisk. Det ligg lenke til bibliotekskatalogen tilgjengeleg på Askvoll kommune si heimeside og på Askvoll bibliotek si facebookside.

3.4.1 Digitalt utlån

I «*Meg og mitt*» kan lånarane:

- Fjernadministrere eigen konto
- Halde oversikt over egne lån
- Sjå kva materiale som er forfalt, eventuelt fornye lån
- Sjå reserveringar og bøker som ligg til henting
- Slette uaktuelle reserveringar
- Sjå kva data biblioteket har registrert: Adresse, telefonnummer m.m.
- Endre eige passord

3.4.2 Manuelt utlån

I Kvammen og i Bulandet (*Bok i butikk*) skriv lånarane opp tal bøker dei låner og signerer med namn. Retur av bøker til Askvoll bibliotek og byte av bøker til bokdepotet finn stad 3 – 4 gonger i året.

Det er ikkje høve til å låne bøker frå bokdepotet på Askvoll helsestasjon. Bøkene på helsestasjonen er tenkt nytta av barn og føresette i ventetid før/etter konsultasjonar (lesestimuleringsiltak).

3.5. Samarbeid mellom HAFSG-biblioteka

Folkebiblioteka i Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen møtast minimum 2 gonger i året. Møta finn stad på folkebiblioteka (rullering). Førebuing til møta går på omgang mellom biblioteksjefane. Saker vert meldt inn på førehand. Representant(ar) frå fylkesbiblioteket vert invitert med på møta. Det vert skrivne referat frå møta. Kopi av møtereferat vert sendt til kommunalsjefane som har ansvar for bibliotek.

HAFSG-samarbeider har som mål å bidra til fornying og utvikling av bibliotektenesta i kommunane, særleg med tanke på det utvida oppdraget folkebiblioteka fekk i revidert biblioteklov (2013).

Dei siste åra har innhaldet og aktivitetane i HAFSG-samarbeidet vore knytt til:

- Deling av kunnskap, kompetanse og erfaringar
- Planlegging av forfattarturne
- *Sommarles* (landsomfattande leseaksjon for barn i alderen 6 – 12 år)

3.6 Nasjonalt lånekort

Folkebibliotektenesta nyttar nasjonalt lånekort. Det nasjonale lånekortet er inngang til fleire tenester på nett.

Døme:

BookBites - Appen kan brukast til å låne e-bøker og e-lydbøker gratis frå folkebiblioteket.

Filmbib - Alle med nasjonalt lånekort på norske bibliotek kan sjå kort- og dokumentarfilmar gratis gjennom denne strømmetenesta. Filmane er kjøpt inn gjennom den nasjonale innkjøpsordninga for film.

Pressreader - Appen gir tilgang til ca. 7000 aviser og tidsskrift, både norske og utanlandske.

Biblioteksøk - Tenesta gir ein søkeinngang til alle norske bibliotekatalogar og moglegheit til å bestille lån. Lånarane kan sjølv bestille bøker og anna materiale direkte på Biblioteksøk (Biblioteksøk.no).

Oria søketeneste - Felles portal til det samla materialet som finst ved dei fleste norske fag- og forskningsbibliotek.

3.7 Lokalt lånekort

Barn under 15 år brukar lokalt lånekort. Med foreldra sitt samtykke kan dei få nasjonalt lånekort.

4 SAMFUNNSOPPDRAG

4.1 Aktiv formidling

Aktiv formidling er formulert som ei av kjerneoppgåvene i biblioteklova.

Folkebibliotektenesta praktiserer aktiv formidling gjennom utstillingar, bokprat over skranke og 2 – 4 forfattarbesøk per år på Askvoll bibliotek. Bibliotekatalogen vert heile tida oppdatert og ligg tilgjengeleg på nett.

4.2 Møteplass for samtale og debatt – gratisprinsippet

Folkebiblioteka representerer *mangfaldet i samfunnet* og skal vere ein møteplass og debattarena, eit lågterskeltilbod, der innbyggerane kan vere både uforpliktande publikum og aktive deltakarar.

På arrangement for vaksne har det i 2018 og 2019 vore i snitt 15 besøkande per arrangement haldne for vaksne. Arrangement for barn og ungdom har samla fleire. Det har å gjere med at slike arrangement har vore for elevane ved Askvoll skule - i skuletida.

Dei fleste arrangement har vore samarbeidsprosjekt mellom HAFSG-biblioteka. I tillegg har Askvoll folkeakademi vore med på arrangementa som har funne stad på Askvoll bibliotek (tilrettelegging, gjennomføring og deling av kostnader).

Alle arrangement har vore *gratis* for publikum.

4.3 Kvalitet og allsidigheit

Formidling av litteratur vil alltid innebere å velje ut noko av alt som er tilgjengeleg og å synleggjere dette utvalet.

Folkebibliotektenesta er påmeldt Norsk kulturråd si innkjøpsordning og får difor gratis eksemplar av bøker kjøpt inn av Norsk kulturråd. Bøkene som kjem med i innkjøpsordninga har gjennomgått ein kvalitetskontroll. Eit sett skjønnlitteratur for barn og ungdom og eit sett faglitteratur for barn og ungdom vert levert vidare til 1 – 10 skulane i kommunen. Kjøp av *kvalitetslitteratur på nynorsk* har høgste prioritet, og det vert gjerne kjøpt inn meir enn eitt eksemplar av nye barne- og ungdomsbøker på nynorsk.

4.4 Aktualitet

Folkebibliotektenesta ser det som viktig å få lesarane fram til det som *for dei* er den beste leseopplevinga. Vi gjer difor målretta innkjøp ut frå lokale ønske og behov. Gjennom Biblioteksentralen sitt *Bestselgerabonnement* kjøper vi nye og aktuelle bøker av kjente og populære forfattarar, norske og utanlandske, så snart dei er tilgjengeleg for sal. Vi abonnerer på engelske ungdomsbøker, nokre norske aviser og på 10 – 15 tidskrift.

Gjennomført kassering hausten 2019 gjer til at vi har ei mindre samling enn tidlegare. Til gjengjeld står ho fram som meir aktuell enn før.

4.5 Tilbodet skal gjerast kjent

Folkebibliotektenesta informerer om tilbod og tilgang til folkebibliotekressursar på Askvoll kommune si nettside, på biblioteket si facebookside, i ulike kulturkaldendrar på nett og frå tid til anna i lokalavisa. Plakatlar vert sett opp på sentrale stader i kommunen i forkant av arrangement.

4.6 Ledd i eit nasjonalt biblioteksystem

Folkebibliotektenesta nyttar i stadig større grad den nasjonale søketenesta www.biblioteksøk.no og abonnerer på transportordning levert av Norsk bibliotektransport, NBT. Levering og retur av bøker og film finn stad ein gong pr. veke.

5 SATSINGSOMRÅDE

Nyleg vedteken kommunal planstrategi for perioden 2020 – 2023 legg vekt på at det må jobbast med at alle får lik moglegheit til deltaking i samfunnet. «*Helse og deltaking i samfunnet er område som blir råka negativt av auka sosial ulikskap*» (s. 7). Det vert presisert at det i planleggingsperioden bør «... *prioriterast å følgje opp eksisterande planar som omfattar kommunen sitt arbeid med læringsmiljø, læringsresultat og fritidstilbod*» (s. 8).

I planstrategien blir det opplyst at dei økonomiske skilnadane i Askvoll aukar, at det blir fleire innbyggjarar med utfordringar knytt til psykisk helse, at einsemd vert opplevd hos fleire unge, at trivsel blant ungdomsskuleelevar har gått noko ned og at delen som ikkje fullfører vidaregåande opplæring har auka.

FN sine berekraftmål skal ligge som ramme rundt kommunal planlegging. Med utgangspunkt i utfordringane nemnt ovanfor vert det naturleg at folkebibliotektenesta i kommunen prioriterer berekraftmåla *God helse og God utdanning* i planperioden.

5.1 Lesestimulering

Barn og unge er ei særleg viktig målgruppe i den nasjonale bibliotekstrategien (2020 – 2023).

I Askvoll kommune har det dei siste åra vore satsa mykje på barn og unge si språkutvikling og på inkludering. Askvoll bibliotek bør verte ein viktigare arena på området. Auka bibliotekbruk vil blant anna kunne bidra til at mål knytt til tidleg innsats, språkopplæring og kvalitet i utdanninga vert nådd (Granvollplattforma).

I kommuneplan for Askvoll 2011 – 22 – Samfunnsdel står å lese: «*Dei unge skal vekse opp i eit trygt miljø, få utvikle seg sjølv og evnene sine og bli sterke, samfunnsengasjerte menneske. Dei som flyttar ut må ha med seg ei positiv oppleving av oppveksten og plassen dei bur på, og kan formidle dette ut til verda. Gode minne frå oppveksten er det beste grunnlag for å busette seg i kommunen som vaksen*» (s. 24).

Vi veit at tilknytning og tilhøyrighet til lokalsamfunnet vert etablert når institusjonar i nærmiljøet vert gjort viktige i barn og unge sine liv. Folkebibliotekenesta i kommune kan i større grad verte og vere ein slik institusjon.

Mål:

- Folkebibliotekenesta vil i planperioden satse meir på aktiv formidling av litteratur til barn og unge
- Folkebibliotekenesta vil bidra til styrking og vidareutvikling av samarbeidet mellom barnehage, skule og folkebibliotek.
- Folkebibliotekenesta vil vere med på etablering av gode samanhengar knytt til overgangen barnehage – skule.
- Folkebibliotekenesta vil bidra med råd og rettleiing i høve vidareutvikling av biblioteka på skulane som læringsarena (kompetanseheving).

Tiltak:

- Alle barnehagane i Askvoll kommune får tilbod om bokdepot.
- Alle grunnskuleelevar skal besøke folkebiblioteket ein gong kvart skuleår.
- Folkebibliotekenesta og skulane skal samarbeide om undervisningsopplegg knytt til leseutvikling.
- Folkebibliotekenesta skal involverast i skulane sine leseprosjekt.
- Folkebibliotekenesta skal med i dei lokale barnehage- og grunnskuleplanane (årsplanar, fagplanar, leseplanar, einskildskulane sine bibliotekplanar).
- Folkebibliotekenesta må med i kommunen sin overordna bibliotekplan for skulane.
- Det må opprettast samarbeidsforum for skulane og folkebiblioteket.
- Lærar(ar) med bibliotekansvar må få opplæring i bruk av bibliotek som læringsarena.

Økonomiske konsekvensar:

- Bokdepot i barnehagane, kr. 50.000,-.
- Fleire populære barne- og ungdomsbøker plassert på Askvoll bibliotek, kr. 50,000,-.
- Tidsressurs knytt til aktiv formidling i barnehage- og skular: 7,5 timar pr. veke.
- Samarbeid kring lesestimuleringstiltak og prosjekt i barnehage- og skular: 7,5 timar pr. veke.
- Auka bruk av folkebibliotekenesta blant innbyggjarane: 7,5 timar pr. veke

5.2 Kunnskapsformidling

Folkebiblioteket skal vere ein kunnskaps- og danningarena. Dagens fleirkulturelle samfunn gjer at vi i større grad enn tidlegare må kunne takle ulikskap – både kjenslemessig og intellektuelt. Tilgang til internett og hastigheita i informasjonsstraumen gjer at vi må kunne hente informasjon digitalt, kvalitetssikre kjeldene og prioritere kven som er viktige.

Tilgangen vi har til internett gjer at vi i dag langt på veg har eit *desentralisert folkebibliotektilbod i kommunen*. Med lånenummer og PIN-kode kan vi besøke folkebiblioteket 24/7. Utfordringa vert å få fleire til å ta det digitale folkebiblioteket i bruk.

Mål:

- Tilbod til innbyggjarane om opplæring i bruk av folkebiblioteket sine digitale ressursar.
- Utviding- og vidareutvikling av ordninga *Bok i butikk*.

Tiltak:

- Utvikle kurs gjeldande bruk av digitale bibliotekressursar.
- Kursverksemd, gjerne i dei ulike krinsane og for ulike aldersgrupper.
- Samarbeide på tvers av offentlege etatar og frivillige organisasjonar om kursverksemda.
- Ta i bruk fleire digitale kanalar i biblioteket sitt informasjonsarbeid for å nå fleire målgrupper, m.a. dei unge
- Gjere avtalar med fleire butikkar, bensinstasjonar og liknande om etablering av *Bok i butikk*.
- Klargjere og administrere (fleire) depot.
- Legge til rette for at innbyggjarar som ikkje sjølv kan oppsøke folkebiblioteket får bibliotekmateriale levert på næraste butikk, kafe, bensinstasjon eller liknande.
- Legge til rette for at barnehagane sine depot rullerer mellom dei ulike barnehagane.

Ressursar:

- Kjøp av aktuell litteratur til nye depot i lokalmiljøa, kr. 60.000,-.
- Lokal boktransport der ulike modellar kan prøvast – til dømes samarbeid mellom bibliotek og heimebaserte tenester om levering/retur av bøker.
- Tidsressurs pr. veke – 7,5 timar.

5.3 Møteplass

Shared Reading

Metoden er ein framifrå måte å forstå møteplass- og arenafunksjonen til folkebiblioteka på.

Folkebibliotekaren (leseleiar) samlar små lesegrupper. Aktiviteten varar i cirka 90 minutt. I løpet av denne tida les gruppa to tekstar (dikt og novelle). Opplegget krev ikkje at deltakarane har forkunnskapar. Lesinga finn stad på biblioteket *her og nå*. Tanken er at litteratur kan formidlast til alle, og at ein gjennom høgtlesing kan få «biverknader» som fellesskap, auka sølvkjensle og betre mental helse. Bibliotekaren er ikkje terapeut, men litteraturen kan opplevast som terapi.

Metoden er utvikla i England (Liverpool). Der vert *Shared Reading* mykje brukt som lesing for barn med lærevanskar. I Danmark er det etablert *Shared Reading* - grupper for eldre, folk med psykiske utfordringar, for dei som skal lære dansk og for folk som står utanfor arbeidsmarknaden. I Noreg breier *Shared Reading* om seg på folkebiblioteka. Tilbod om *Shared Reading* vert også gitt til eldreheimar, sjukehus, fengsel og innan psykiatri.

Meiroppe bibliotek

Der det er etablert *Meiroppe bibliotek* kan personar med lånekort etter nærare avtale få tilgang til biblioteklokalet utanom betjent opningstid. Tilgang vert gitt til bøker, lesesalplassar og grupperom store deler av døgnet, slik at publikum i større grad kan bruke biblioteklokalet når det passar dei, og slik også kunne fungere som ein litt uformell møte- og studieplass for ulike brukargrupper.

Mål:

- Etablere *Shared Reading* som fast tilbod til barn, unge og vaksne på Askvoll bibliotek.
- Legge til rette for at *Shared Reading* kan praktiserast på ulike institusjonar og i fleire lokalmiljø.

- *Meiroppe bibliotek*

Tiltak:

- Samarbeide med andre offentlege etatar og frivillige organisasjonar om etablering av *Shared Reading*-grupper.
- Sende fleire på kurs/opplæring i metoden *Shared Reading*.
- Utreie kva det vil kreve å legge til rette for *Meiroppe bibliotek* i Askvoll.

Ressursar:

- Ei *Shared Reading* - gruppe pr. veke: 3 timar.

5.4 Fysisk lokale/lokalisering

Askvoll bibliotek står i Nasjonal bibliotekstatistikk for 2019 registrert med 5000 besøk.

Det ligg føre planar om nytt inngangsparti i idrettshallen, samt planar om utbetring av uteområdet knytt til skule, idrettshall og folkebibliotek. Desse tiltaka vil truleg vere med på å gjere Askvoll bibliotek meir synleg og tilgjengeleg for dei som allereie brukar skule- og idrettsområdet, og for innbyggjarar som frå før er trufaste bibliotekbrukarar. utfordringa blir å få fleire til å besøke folkebiblioteket.

Mål:

- Meirbruk og fleirbruk

Tiltak:

- Lesestimulering og tilbod om opplæring i bruk av folkebiblioteket sine digitale ressursar, jfr. 5.1 og 5.3 under satsingsområde.
- Greie ut kva det vil kreve å etablere *Meiroppe bibliotek*.
- Greie ut kva det vil kreve å legge til rette for at det kan drivast med fleire aktivitetar i biblioteklokalet, samtidig.
- Etablere biblioteket som ein stoppestad på serviceskyss-rutene
- Vurdere alternativ lokalisering/plassering av Askvoll bibliotek.

Ressursar:

- Trong for ekstra ressursar presisert under satsingsområda 5.1 og 5.3

5.5 Bemanning

Vi arbeider kontinuerlig med vidareutvikling av administrative rutinar, men klarar ikkje å effektivisere meir. I dag er det ikkje tid og rom for utvikling av digitale tenester, litteraturformidling for ulike aldersgrupper, planlegging og gjennomføring av arrangement og prosjekt og systematisk samarbeid med skulane knytt til leseutvikling/oppøving i informasjonskompetanse.

Mål:

- Auke stillingsressursen til folkebibliotektenesta i kommunen med 100 prosent, helst fagutdanna bibliotekar. Auka stillingsressurs vil ha eit hovudfokus retta inn mot barn og unge og på samarbeid mellom folkebibliotek og barnehagane/skulane.

Kjelder:

[Folkebiblioteklova] (1986). *Lov av 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek (folkebibliotekloven)*.

Lokalisert på Verdsveven 09.11.2020: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1985-12-20-108>

[Opplæringslova] (1998). *Lov av 17. juli 1998 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*

(*oplæringslova*). Lokalisert på Verdsveven 09.11.2020: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

Askvoll kommune. (2011). *Askvoll kommune – Livskvalitet og vekst med rom for eventyr. Kommuneplan for Askvoll 2011 – 2022 – Samfunnsdel*. Lokalisert 09.11.2020 på Verdsveven:

https://www.askvoll.kommune.no/f/p1/ic91aed70-3c95-4a95-96ef-c4d0563138c7/samfunnsdelen_av_kommuneplanen_vedteken_plan.pdf